




KONKURRANSEGRUNNLAG



Rammeavtalar for Kvam herad Tekniske handverkstenester Tømrar og snikkararbeid

Saks nr. 2024/2175

Avtaleperiode:

2024 –2026 (opsjon 1 + 1 år)

Open anbodskonkurranse, FOA del I og del III



1. OPPDRAGET	4
1.1 OPPDRAGSGJEVAR	4
1.2 KONTAKTPERSON HJÅ OPPDRAGSGJEVAREN	4
1.3 KONKURRANSEGRUNNLAGET	4
2. OM ANSKAFFINGA	4
2.1 FORMÅLET MED ANSKAFFINGA.....	4
2.2 VERDI OG OMFANG	5
2.3 RAMMEAFTALE	5
2.4 AVTALEPERIODE.....	5
2. 5 TILDELING AV OPPDRAG PÅ RAMMEAFTALANE.....	FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.
2.5.1 TILDELING AV OPPDRAG ETTER PRIORITET	5
2.5.2 TILDELING AV OPPDRAG GJENNOM MINIKONKURRANSE	5
2.6 EVALUERING AV LEVERANSAR:	6
2.7 PRISJUSTERING I AVTALEPERIODEN.....	6
2.8 VIKTIGE DATOAR	7
3. REGLER FOR GJENNOMFØRINGA AV KONKURRANSEN.....	7
3.1 KUNNGJERING	7
3.2 ANSKAFFINGSPROSEDYRE.....	7
3.3 AVVIK I TILBODET	7
3.4 TEIEPLIKT	8
3.5 INNSYN	8
3.6 OPPDATERING AV KONKURRANSEGRUNNLAGET	8
3.7 TILLEGGSSOPPLYSNINGER OG SPØRSMÅL TIL KONKURRANSEGRUNNLAGET	8
3.8 SPRÅK.....	9
3.9 KOMMUNIKASJON.....	9
3.10 TILBODSSYNFARING/TILBODSKONFERANSE	9
3.11 TILBYDAREN SINE DELTAKINGSKOSTNADAR	9
3.12 OPPDRAGSGIVAR SINE ATTERHALD.....	9
3.13 KONTRAKT	9
4. TILBODET MV.....	9
4.1 TILBODSBREV	9
4.2 GENERELT OM TILBODET.....	10
4.3 AVVIK	10
4.4 FRIST FOR INNLEVERING AV TILBOD	10
4.5 ELEKTRONISK INNLEVERING	10
4.6 TILBODET SI UTFORMING	11
4.7 DOKUMENTASJONSBEVIS SOM LEVERANDØR SKAL OPPGJE PÅ FØRESPURNAD.....	11
4.8 DELTILBOD.....	11
4.9 PARALLELLE TILBOD	11
4.10 ALTERNATIVE TILBOD	11
4.11 SPRÅK.....	11
4.12 SKATTEATTEST	11
5. DET EUROPEISKE EIGENERKLÆRINGSSKJEMAET (ESPD)	12
5.1 GENERELT OM ESPD-SKJEMA.....	12
5.2 NASJONALE AVVISNINGSGRUNNAR	12
6. KVALIFIKASJONSKRAV	12





6.1 GENERELT	12
6.2 KRAV TIL ORGANISATORISK OG JURIDISK STILLING.....	13
6.3 LEVERANDØRENS ØKONOMISKE OG FINANSIELLE KAPASITET	13
6.4 LEVERANDØRENS TEKNISKE OG FAGLIGE KVALIFIKASJONER.....	13
6.5 STØTTE FRÅ ANDRE FØRETAK	14
7. TILDELING AV KONTRAKT	14
7.1 TILDELINGSKRITERIENE	14
7.2 TILDELINGSKRITERIET PRIS:	15
7.3 TILDELINGSKRITERIET KVALITET:	15
7.4 EVALUERINGSMETODE	15
7.5 MILJØ.....	15
7.6 OPNING AV TILBOD.....	15
7.7 AVVISNING AV TILBOD.....	15
7.8 AVLYSNING AV KONKURRANSEN	16
7.9 MEDDELELSE OM VAL AV TILBYDER	16
7.10 KLAGE	16
8. KONTRAKT	16
8.1 KONTRAKTSFØRESEGNER	16
8.2 KRAV TIL LØNNS- OG ARBEIDSVILKÅR.....	16
8.3 KRAV TIL BRUK AV LÆRLINGAR	16
9. VEDLEGG.....	16



1. Oppdraget

1.1 Oppdragsgjevar

Oppdragsgjevar for denne konkurransen er Kvam herad. For nærmere informasjon om oppdragsgjevar, sjå www.kvam.no.

1.2 Kontaktperson hjå oppdragsgjevaren

Oppdragsgjevaren sin kontaktperson for denne innkjøpsprosessen:

Side | 4

Namn:	Gisle Gravdal
Stilling:	Prosjekt og Byggeleiar

Det skal ikkje være kontakt/kommunikasjon om konkurransen med andre personar hos oppdragsgjevar enn nemte kontaktperson. Eventuelle spørsmål skal rettes til kontaktpersonen via Mercell.

1.3 Konkurransegrunnlaget

Konkurransegrunnlaget er alle dokument, unntatt kunngjeringa og det europeiske eigenerklæringsskjemaet, som oppdragsgivaren utformar eller viser til for å beskrive eller fastlegge elementa i anskaffinga eller konkurransen. Dette inkluderer dokument som beskriv kva som skal anskaffast, kontraktsvilkåra og korleis oppdragsgivaren skal gjennomføra konkurransen, og eventuelle supplerande dokument og tilleggsopplysningar.

2. Om anskaffinga

2.1 Formålet med anskaffinga

Kvam herad ønskjer å inngå rammeavtaler for innkjøp av tekniske handverkstenester.

Eit av føremåla med å etablere slike rammeavtalar er å sikre effektivitet i innkjøpsprosessane. Det er vidare eit mål at rammeavtalane skal sikre stabilitet og gje føreseielege rammar for Kvam herad og leverandørane.

Rammeavtalane er tenkt å skulle dekke hovuddelen av oppdragsgjevar sine kontinuerlege behov for dei tenester som er omhandla i denne konkurransen. Kvam herad skal ha ei rett, men inga plikt til å nytte rammeavtalane. Enkelte oppgåver vil til dømes kunne løysast gjennom eigenregi eller i samarbeid med andre kommunar, og for større/spesielle prosjekt kan oppdragsgjevar lyse ut ny konkurranse.

Det vert avhalde informasjonsmøte om avtaleområdet via teams 5 juni 2024 kl.09:30. Påmelding til møte vert sendt ut via Mercell til registrerte tilbydarar. Byggherre vil orientera om konkurransegrunnlaget , kravspesifikasjonar og forventningar til gjennomføring av oppdrag.

Nærmore beskriving av anskaffinga følger av følgande vedlegg til konkurransegrunnlaget:

- Dokument 02 – kravspesifikasjon og tilbodsskjema Tømrar og snikkararbeid
- Dokument 03- Prisskjema Tømrar og snikkararbeid





2.2 Verdi og omfang

Samla omsetning for avtaleområdet varierer. Summane vil variera frå år til år, alt etter behov.

For dette området vil omsetning basert på erfaring og forventningar vanlegvis ligga på omkring 800 000,-NOK årleg. Det medfører at total verdi for rammeavtalane kan verte om lag 3,2 MNOK.

Innanfor kontraktperioden vil det kunne vere snakk om alt frå heilt kortvarige engasjement, til engasjement som kan gå over lengre tid. Rammeavtalane som vert etablert gjennom denne anbodskonkurransen kan nyttast av alle avdelingar og einingar hjå Kvam herad. I tillegg vil alle kommunale føretak vere partar i rammeavtalane.

Side | 5

2.3 Rammeavtale

Avtaletypen for denne kontrakt er rammeavtale. Ved ein rammeavtale er oppdragsgivar i avtaleperioden ikkje forplikta til å kjøpa eit bestemt volum innanfor det enkelte området.

Oppdragsgivar har intensjon om å inngå rammeavtalar innan fagområde tømrar og snikkararbeid. Intensjonen er å tildela kontrakt til fleire leverandørar innanfor kontraktområde, slik at oppdragsgivar får dekka behovet for handverktenester gjennom parallelle rammeavtalar.

Oppdragsgivar legg difor opp til at det i avtaleområde kan tildelast rammeavtale til minimum 3 leverandørar og maksimum 7 leverandørar, føresett at det i konkurransen kjem eit tilstrekkeleg tal eigna tilbod frå kvalifiserte tilbydarar. Dersom det er mindre enn 3 tilbydarar vil ein likevel vurdere å etablere rammeavtalar med 1 eller 2 leverandørar, der dette er hensiktsmessig.

Tilbydar skal fylla ut dokument 02 og 03 samt vedlegg til dette dokument.

2.4 Avtaleperiode

Rammeavtalen har ein kontraktperioden på 2 år. Forventa starttidspunkt for kontrakten er 01.08.2024. Oppdragsgivar har opsjon på forlenga avtalen på likelydande vilkår med inntil 1 + 1 år. Maksimal avtaleperiode er 4 år.

Opsjon vert automatisk løyst ut ved avtaledato. Dersom oppdragsgivar ikkje ønsker å nyttja seg av retten til å forlenge avtalane, skal det gjevast skriftleg melding til leverandørane om dette 3 månader før fornying (dato for signering av kontrakt).

2.5.1 Tildeling av oppdrag etter prioritet

Basert på resultatet av denne konkurransen vil tilbydar rangert som nr. 1 vera primærleverandør for oppdragsgivar i avtaleperioden.

Primærleverandør skal handtere jamlege oppdrag i kontraktperioden, og honorering skjer etter medgått tid på bakgrunn av tilbydar sine oppgjevne timeprisar.

Dersom leverandør med høgast prioritet ikkje har kapasitet til eller på anna måte ikkje kan gjennomføre jamlege oppdrag på dei av oppdragsgivar fastsette vilkår for det enkelte oppdrag, vil leverandør med prioritet etter denne få høve til å gjennomføre oppdraget. Slik fortsett fordelinga av jamlege oppdrag på rammeavtale der det er prioritert rekkefølge mellom leverandørar med rammeavtale. Dersom primærleverandøren gjentekne gonger ikkje har høve til å leverere, tek oppdragsgivar atterhald om å flytte opp leverandørar med lågare prioritet.

2.5.2 Tildeling av oppdrag gjennom minikonkurranse

Oppdragsgivar kan under rammeavtalen avhalde minikonkurranse for oppdrag når:





- det økonomiske omfanget for det enkelte oppdraget er forventa å overstige ca. kr 250 000.
- oppdraget er vurdert fagleg og tidsmessig komplekst

For arbeid der oppdragsgiver kjem til at oppdraget etter sitt omfang og/eller faglege innhald er av ein slik karakter som nemnd ovanfor, kan det bli gjennomført ein minikonkurranse mellom leverandørar som har fått tildelt rammeavtalar.

Oppdragsgiver tek atterhald om at ein likevel ikkje er pliktig til å gjennomføra minikonkurranse sjølv om vilkåra for dette er oppfylt, og vil alltid kunne velja å tildele oppdraget til rammeavtaleparten med høgast prioritet.

Konkurranse vil bli gjennomført i samsvar med reglane i FOA § 26-1 til § 26-3. Tildeling av oppdrag etter minikonkurranse vil skje på basis av det beste forholdet mellom pris og kvalitet, der pris på oppdraget vil vere eit sentralt kriterium. Det vil kunne vere aktuelt med minikonkurranse basert på fast pris eller basert på timepris etter medgått tid, eller mogeleg også ein kombinasjon av begge. I tillegg vil følgjande kriterium kunne vere aktuelle:

- Miljø
- Kompetanse av direkte betyding for det konkrete oppdraget (kompetanse hjå tilbodne ressurspersonar for det spesifikke oppdraget)
- Konkret løysingsforslag
- Kapasitet
- Framdriftsplan og leveringstid
- Leveransequalitet

2.6 Evaluering av leveransar:

Oppdragsgiver vil evaluere oppdraga som vert utført i kontraktperioden. Resultatet av evalueringa vil bli nytta av oppdragsgiver for evaluering av tilbod i minikonkurransen.

Oppdragsgiver vil basere sin evaluering på følgjande forhold:

- Krav til framdrift
- Kostnader
- Dialog – Samarbeid – Service
- Tilfredsheit

Leverandør som ikkje svarar på førespurnadar frå oppdragsgiver eller som på annan måte ikkje leverer i høve til det som er avtalt, vil kunne miste sin rett til rammeavtale med oppdragsgiver

2.7 Prisjustering i avtaleperioden

Prisregulering i avtaleperioden, inkludert opsjonsperioden, skal følgje SSB sin konsumprisindeks <https://www.ssb.no/priser-og-prisindeks/byggekostnadsindeks/statistikk/byggjekostnadsindeks-for-bustader> Fyrste moglege prisregulering er 20.07.2025. Dersom krav om prisregulering vert sett fram i tråd med dette, skal oppdragsgiver varslast minst 1 – ein – månad før reguleringstidspunktet.

Dei regulerte prisane skal sendast til oppdragsgiver sin kontaktperson for godkjenning og oppdatering.

Valutaklausular vert ikkje aksepterte.



2.8 Viktige datoar

Framdriftsplanen er som følger:

Aktivitet	Tidspunkt
Kunngjering i Doffin/TED	24.05.2024
Frist for å stilla spørsmål til konkurransegrunnlaget	12.06.2024 kl. 12:00
Frist for å levere tilbod	26.06.2024 kl. 12:00
Evaluering	Veke 27-28, 2024
Val av leverandør og melding til leverandørar	Veke 29-30, 2024
Utløp av karensperiode	10 dagar etter tildeling
Kontraktsinngåing	Etter utløp av karensperiode
Tilbodets vedståingsfrist	3 månader rekna frå tilbodsfrist

Side | 7

Me gjer merksam på at tidspunkta etter tilbodsfristen er tentative og at endringar kan førekoma.

3. Regler for gjennomføringa av konkuransen

3.1 Kunngjering

Anbodet er sendt for kunngjering i DOFFIN-databasen (www.doffin.no) og kunngjeringsbasen til EU, TED.

3.2 Anskaffingsprosedyre

Anskaffinga følger lov om offentlege anskaffelser av 17. juni 2016 (LOA) og forskrift om offentlege anskaffelser (FOA) FOR 2016-08-12-974, del I og del III.

Prosedyreform er konkurranse med forhandling etter forutgående kunngjering, jf. FOA § 13-1 (2) og § 13-2.

Etter innlevering av tilbod planlegg oppdragsgivar å gjennomføra forhandlingar med tilbydarane. Forhandlingane kan omhandla alle sider av tilboda. Til dømes kan det verta aktuelt å gjennomføra presentasjonsmøte og avklaringsmøte for å klarlegga innhold i tilboden eller uklare delar av tilboden. Forhandlingane kan også omhandla tilbakemeldingar og oppmodingar om forbetring av tilboda. Forhandlingar vert ikkje gjennomført dersom oppdragsgivar finn at det ikkje er naudsynt eller føremålstenleg å gjennomføra forhandlingar etter ei vurdering av tilboda som er mottekne. Tilbydarane vert difor oppfordra til å gje sitt beste tilbod ved første tilbodsinnlevering.

3.3 Avvik i tilboden

Tilbod som inneheld vesentlege avvik frå anskaffingsdokumenta, vert avvist etter FOA § 24-8 (1) bokstav b. Oppdragsgivar kan avvise tilbod som inneheld avvik frå anskaffingsdokumenta, uklarheiter eller liknande som ikkje vert sett som ubetydelege, jf. forskriften § 24-8 (2) bokstav a.

Leverandøren vert oppfordra til å følge dei tilvisingane som vert gjeve i dette konkurransegrunnlaget med vedlegg, og eventuelt stille spørsmål til kontaktpersonen via Mercell.





Avvik skal opplysast presist og eintydig, og skal på ein klar og presis måte referera til relevant vedlegg og punkt i konkurransegrunnlaget og/eller kontrakt.

3.4 Teieplikt

Informasjon som partane blir kjende med i samband med konkurransen og gjennomføringa av kontrakten skal behandles konfidensielt, og ikkje gjerast tilgjengeleg for utanforståande utan etter samtykke frå den andre parten. Teieplikta er likevel ikkje meir omfattande enn det som følger av forvaltningslova eller tilsvarende sektorspesifikk regulering, samt etter offentleglova.

3.5 Innsyn

Allmenta har som hovudregel innsynsrett i tilboda og protokollen etter at val av leverandør er føretatt, jf. lov 19. mai 2006 nr. 16 om rett til innsyn i offentleg verksemد (offentleglova) § 3.

Ved ein eventuell begjæring om innsyn er oppdragsgivar forplikta til å gjera ei konkret og sjølvstendig vurdering av om det kan, og eventuell skal, nektast innsyn i dokumentet, jf. offentleglova § 29.

Oppdragsgivaren er pålagt å følgja prinsippet om meirinnsyn, jf. offentleglova § 11.

Dersom tilbyder vurderer opplysningar som kjem frem av tilboden, som taushetsbelagte, ber me om at tilbyder legg ved ein versjon av tilboden kor dei opplysningane som tilbyder vurderer som taushetsbelagte, er sladda.

Det bes om at sladda tilbod vert levert i redigerbart format slik at oppdragsgivar kan bearbeida dokumentet dersom det blir nødvendig. Det sladda tilboden vil verta gjort om til et låst dokument i PDF-format før det blir gitt innsyn.

Dersom det vert levert eit sladda tilbod, ber me om at tilbyder i tillegg leverer eit eige vedlegg med ei grunngjeving for kvart punkt som er ønska sladda. I grunngjevinga skal tilbydar oppgi kvifor dei sladda opplysningane vert vurdert å vera konkurrancesensitive og derfor bør vera unnateke offentlegheit.

3.6 Oppdatering av konkurransegrunnlaget

Fram til utløpet av tilbodsfristen har oppdragsgivar rett til å gjera rettingar, suppleringar og/eller endringar i konkurransegrunnlaget som ikkje er vesentlege.

Eventuelle rettingar, suppleringar eller endringar av konkurransegrunnlaget, samt spørsmål og svar i anonymisert form, vil verta formidla til alle leverandørar via Mercell.

Dersom tilbydar finn at konkurransegrunnlaget inneheld uklare opplysningar eller mangefull informasjon, vert tilbydar oppfordra til å ta kontakt med oppdragsgivar slik at oppdragsgivar får høve til å vurdera om konkurransegrunnlaget bør presiserast.

3.7 Tilleggsopplysningar og spørsmål til konkurransegrunnlaget

Eventuelle spørsmål til konkurransegrunnlaget må fremjast innan fristen sett i Mercell. Dersom leverandören finn feil i konkurransegrunnlaget eller finn at det ikkje gjer tilstrekkeleg rettleiing, kan ein skriftleg be om tilleggsopplysningar hos oppdragsgivar. All kommunikasjon i prosessen skal gå føre seg elektronisk i Mercell.

Spørsmål som vedkjem alle tilbydarar vert anonymisert og svart på som tilleggsinformasjon i konkurransen. Alle tilbydarar som har meldt si interesse, vil få tilgang til tilleggsinformasjonen via Mercell.





Det er ikkje tillat med anna kommunikasjon med personar som deltek i beslutningsprosessen, og ein kan ikkje rekne med å få svar på henvendingar som skjer på anna måte.

3.8 Språk

Alle dokument og all kommunikasjon som omhandlar denne konkurransen skal vera/gå føre seg på norsk. Det vert gjort merksam på at det same kravet også vil gjelda i gjennomføringa av rammeavtalen.

3.9 Kommunikasjon

All kommunikasjon inkl. innlevering av tilbod skal skje via www.mercell.no under fanebladet Kommunikasjon. Dette gjeld t.d. endring av utlysing eller konkurransegrunnlag, endring av tilbodsfrist, eller spørsmål og svar frå tilbydarar.

3.10 Tilbodssynfaring/tilbodskonferanse

Det vil ikkje bli halde tilbodssynfaring/tilbodskonferanse.

3.11 Tilbydaren sine deltakingskostnadar

Kostnadar som tilbydaren pådreg seg i samband med utarbeiding, levering, og oppfølging vil ikkje bli refundert.

Deltaking vil ikkje på nokon måte forplikta oppdragsgivaren til å inngå kontrakt med leverandør, eller involvere oppdragsgivaren i økonomiske forpliktingar.

3.12 Oppdragsgivar sine atterhald

Dersom tilbodskonkurransen syner at vedtekne økonomiske rammer ikkje er tilstrekkelege, så tek oppdragsgivar atterhald om å setta i verk nødvendige endringar, og eventuelt gjennomføra ny konkurranse utan at tilbydarar frå første konkurranserunde får rett til å fremja krav for si deltaking i tilbodsrunden.

3.13 Kontrakt

Tilbydaren skal basere tilboden sitt på vedlagt kontrakt – *Standardkontrakt tenestekjøp*.

I sjølve gjennomføringa av oppdraga i avtalen vil det i hovudsak nyttast standardkontraktar frå Norsk standard, NS.

4. Tilboden mv.

4.1 Tilbodsbrev

Tilboden skal vera skriftleg og bindande. Tilbydar skal legge ved eit forpliktande tilbodsbrev.

Tilbydar skal i tilbodsbrevet oppgje kontaktperson for konkurransen med tilhøyrande adresse, telefonnummer og e-postadresse. Dersom kontaktpersonen vert endra, skal oppdragsgivar informerast. Oppdragsgivar tar ikkje ansvar for informasjon som ikkje når fram fordi tilbydaren sin kontaktperson er endra utan at dette er meddelt oppdragsgivar i henhold til det som kjem fram av dette konkurransegrunnlaget.





4.2 Generelt om tilbodet

Tilbodet vil vera eit uttømmande grunnlag for evaluering basert på tildelingskriteria. Tilbydaren er sjølv ansvarleg for at alle kvalifikasjonskrav, tildelingskriterium og andre krav i konkurransen vert svart på og dokumentert.

4.3 Avvik

Oppgje eventuelle avvik frå konkurransegrunnlaget i tilbodsbrevet. Avvik skal opplysast presist og eintydig, og skal på ein klar og presis måte referera til relevant vedlegg og punkt i konkurransegrunnlaget og/eller kontrakt.

Side | 10

Tilbod som inneholder vesentlege avvik frå konkurransegrunnlag og/eller kontrakt, vil verta avvist.

4.4 Frist for innlevering av tilbod

Tilbodsfristen er oppgjeve i punkt 2.8 «Viktige datoar».

4.5 Elektronisk innlevering

Tilbodet skal leverast elektronisk via Mercell seinast innan den tilbodsfristen som er oppgjeven i konkurransen. E-post er ikkje gyldig leveringsmåte.

Det er tilbydar sitt ansvar å sørge for at tilbodet blir levert innan fristen. Tilbodsfristen er absolutt. For seint innkomne tilbod vert automatisk avviste. Tilbydar ber all risiko for feil eller forseinkingar i sendinga. Dette gjeld også ved teknisk svikt.

Me anbefala difor at tilbodet vert levert i god tid før utløpet av tilbodsfristen.

Tilbod kan tilbakekallast eller endrast inntil utløpet av tilbodsfristen. Tilbakekalling skal skje skriftleg. Endring av tilbodet er å rekna som eit nytt tilbod.

Det sist leverete tilbodet vert rekna som det endelege tilboden.

Skulle du oppleve problem knytt til levering av tilbod, ber me om at du tek kontakt med support hos Mercell (www.mercell.no).

Support:

Tlf.: +47 21 01 88 60 (opningstid 08.00 – 17.00)

Kundeservice: <https://mercill.atlassian.net/servicedesk/customer/portal/7>





4.6 Tilbodet si utforming

Tilbodet og vedlegg skal leverast i pdf-format, og skal bestå av dei elementa som er oppført i tabellen under. Dokumenta skal organiserast i angitt rekkefølgje:

Dokumentrekkefølgje	Kommentar
1. Innhaltsliste	
2. Dokumentasjon av kvalifikasjonskrav	Sjå konkurransegrunnlaget kap. 6
3. Dokumentasjon knytt til tildelingskriterium	Sjå konkurransegrunnlaget pkt. 7.
4. Utfylt og signert tilbodsskjema	Dokument 02
5. Utfylt prisskjema	Dokument 03
6. Tilbydaren sine atterhald og avvik	
7. Annan relevant informasjon	Referansar, CV

Side | 11

4.7 Dokumentasjonsbevis som leverandør skal oppgje på førespurnad

Dokumentasjonsbevis for kvalifikasjonskrava (sjå punkt 6) samt skatteattest (sjå punkt 4.12) skal sendast inn på førespurnad frå oppdragsgivar. Dette gjeld følgande dokument:

- firmaattest
- skatteattest
- referanseliste/liste over dei viktigaste, relevante leveransar eller utførte tenester dei siste fem åra
- eventuell supplerande informasjon for å belysa føretaket sin økonomiske og finansielle situasjon
- for utanlandske selskap: Føretaket sine to siste revisorgodkjende årsrekneskap.

4.8 Deltilbod

Det er ikkje adgang til å gje tilbod på deler av oppdraget.

4.9 Parallelle tilbod

Parallelle tilbod aksepterast ikkje.

4.10 Alternative tilbod

Alternative tilbod aksepterast ikkje.

4.11 Språk

Tilbodet skal vera utforma på norsk.

4.12 Skatteattest

Valt leverandør skal ha oppfylt sine plikter for innbetaling av skatt og meirverdiavgift.

Den valte leverandøren skal på førespurnad frå oppdragsgivar leveere skatteattest for skatt og meirverdiavgift. Dette gjeld berre dersom valte leverandør er norsk.

Utanlandske leverandørar må på førespurnad legge frem tilsvarande attester frå sitt land som kan dokumentera at bedrifta har ordna skatte- og avgiftsforhold.

Skatteattesten skal ikkje være eldre enn 6 månader rekna frå fristen for å leveere førespurnad om å delta i konkurransen eller tilbod.





5. Det europeiske eigenerklæringsskjemaet (ESPD)

5.1 Generelt om ESPD-skjema

Som førebels dokumentasjon på at kvalifikasjonskrava er oppfylt, at det ikke ligg føre avvisningsgrunnar, og at eventuelle utvelgelseskriterium er oppfylt, skal tilbydar fylle ut ESPD-skjema. Dei leverandørane som vert tildelt kontrakt, må – før kontrakten vert inngått – dokumentere at kvalifikasjonskrava er oppfylt i henhold til dokumentasjonskrava i punkt 6.

Side | 12

ESPD-skjemaet skal fyllast ut elektronisk via oppdragsgiver sitt konkurranssegjennomføringsverktøy, Mercell. Ytterlegare rettleiing for utfylling av ESPD-skjemaet finn de på <https://anskaffelser.no/anskaffelsesprosessen/anskaffelsesprosessen-steg-steg/avklare-behov-og-forberede-konkurransen/kvalifikasjonskrav/espd-europeisk-eigenerklaeringsskjema>.

I henhold til anskaffelsesforskrifta § 17-1 (3) kan oppdragsgivar på eit kvart tidspunkt i konkurransen be tilbydar om alle eller deler av dokumentasjonsbevis dersom det er nødvendig for å sikre at konkurransen vert gjennomført på riktig måte. Dersom oppdragsgivar ber om det, skal tilbyder kunne levere dokumentasjonen innan 2 vyrkedagar.

5.2 Nasjonale avvisningsgrunnar

Når det gjeld ESPD del III «Avvisningsrunner», seksjon D, der det står at «Andre avvisningsrunner som er fastsett i den nasjonale lovgivingen i Oppdragsgiverens medlemsstat»: Merk at dei norske anskaffelsesreglane går lenger enn kva som følger av avvisningsgrunnane angitt i EUs direktiv om offentlige anskaffelser og i standardskjemaet for ESPD. Me presiserer difor at i denne konkurransen gjeld og alle avvisningsgrunnane i anskaffelsesforskrifta § 24-2, inkludert dei reint nasjonale avvisningsgrunnane.

Følgande av avvisningsgrunnane i anskaffelsesforskrifta § 24-2 er reint nasjonale avvisningsgrunnar:

- § 24-2 (2): I denne føresegna er det angitt at oppdragsgivar skal avvise ein leverandør når oppdragsgivar er kjent med at leverandøren er rettskraftig dømt eller har vedtatt eit førelegg for dei angitte straffbare forholda. Kravet til at oppdragsgivar skal avvise leverandørar som har vedtatt førelegg for dei angitte straffbare forholda, er eit særnorsk krav.
- § 24-2 (3) bokstav i: Avvisningsgrunnen i ESPD-skjemaet gjeld berre alvorlege feil i yrkesutøvinga, medan den norske avvisningsgrunnen og omfattar andre alvorlege feil som kan så tvil om leverandøren sin yrkesmessige integritet.

6. Kvalifikasjonskrav

6.1 Generelt

Kvalifikasjonskrava er absolutte krav. Manglande oppfylling av kvalifikasjonskrav vil medføra avvisning frå konkurransen, jf. FOA § 24-2 første ledd.

Som ein foreløpig dokumentasjon på oppfylling av kvalifikasjonskrav, samt at det ikke ligg føre avvisningsgrunnar, skal tilbydar fylla ut ESPD-skjema i Mercell.

Før tildeling av kontrakt vil oppdragsgivar krevja at «*den valgte leverandøren straks leverer oppdaterte dokumentasjonsbevis*», jf FOA § 17-1 femte ledd. Oppdragsgivar oppmodar difor tilbydarane om å ha all dokumentasjon knytt til kvalifikasjonskrava klare allereie ved tilbodsfristen, men denne dokumentasjonen treng ikkje leggast ved tilboden.





6.2 Krav til organisatorisk og juridisk stilling

Krav	Dokumentasjonskrav
Tilbydaren skal vera eit lovleg etablert føretak.	<ul style="list-style-type: none">• Norsk tilbydar skal legga frem firmaattest utstedt av Føretaksregisteret. Firmaattesten skal ikkje være eldre enn 6 månader rekna frå tilbodsfristen.• Utanlandsk tilbydar skal legge frem attest(ar) for lovbestemt registrering i etableringslandet. Attesten skal ikkje være eldre enn 6 månader rekna frå tilbodsfristen.

Side | 13

6.3 Leverandørens økonomiske og finansielle kapasitet

Krav	Dokumentasjonskrav
Tilbydar skal ha tilstrekkeleg økonomisk og finansiell kapasitet til å kunne gjennomføra dei plikter som føl av kontrakten.	Tilbydar skal levera inn føretaket sine tre siste revisorgodkjende årsrekneskap. Ved behov tek oppdragsgivar atterhald om å henta inn supplerande dokumentasjon knytt til økonomisk og finansiell stilling. All levert eller innhenta informasjon vil danna grunnlag for ei samla vurdering av om kvalifikasjonskravet er oppfylt. Tilsvarande dokumentasjon skal leverast for eventuelle samarbeidspartnarar/underleverandørar som leverandøren støtter seg på for å oppfylle kvalifikasjonskrava.

Dersom leverandøren har sakleg grunn til ikkje å framlegga den dokumentasjon oppdragsgivar har kravd, kan leverandøren dokumentere sin økonomiske og finansielle kapasitet ved å legge frem eitkvart annet dokument som oppdragsgivar ser som eigna.

6.4 Leverandørens tekniske og faglige kvalifikasjoner

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal ha tilstrekkeleg tekniske og faglege kvalifikasjoner.	Ei liste over dei viktigaste, relevante leveransar eller utførte tenester dei siste fem år, herunder opplysningar om verdi, tidspunkt, samt namnet på den offentlege eller private mottakar (namn, telefon og e-post på referanseperson). Det er leverandøren sitt ansvar å dokumentera relevans gjennom beskrivinga. CV på tilbydd personell





6.5 Støtte frå andre føretak

Tilbydar kan støtta seg på andre føretak for å kvalifisera seg. Ved utfylling av ESPD skal tilbydar i slike tilfelle velja JA under spørsmålet "Støtter leverandør seg på andre verksemder sin kapasitet for å oppfylla kvalifikasjonskrava i del IV og eventuelle kriterium og reglar fastsette i del V nedanfor?" i ESPD del II pkt. C).

Dersom tilbydar støtter seg på kapasiteten til andre føretak for å oppfylla krav til økonomisk og finansiell kapasitet, vil oppdragsgivar krevja at dei er solidarisk ansvarlege for utføring av kontrakten, jf. FOA § 16-10 fjerde ledd. I slike tilfelle vert det kravd dokumentasjon i form av erklæring av solidaransvar mellom tilbydar og føretak han støtter seg på for heile kontraktsperioden.

Tilbydar må vidare:

- Opplysa om kva for krav han støttar seg på andre føretak for å oppfylla
- Leggja fram ei signert forpliktingserklæring, samarbeidsavtale eller liknande som stadfestar at tilbydaren vil ha rådvelde over dei naudsynte ressursane gjennom heile kontraktsperioden.
- Levera eige ESPD-skjema for kvar enkelt samarbeidspartner/underleverandør
- Levera dokumentasjonsbevis frå samarbeidspartner/underleverandør av det aktuelle kvalifikasjonskravet

7. Tildeling av kontrakt

7.1 Tildelingskriteriene

Tildelinga skjer på grunnlag av kva tilbod som har det beste forholdet mellom pris/kostnad og kvalitet, vurdert ut frå følgande kriterium:

Tildelingskriterier	Vekt	Dokumentasjonskrav
Pris/kostnad Under dette kriteriet vurderast <ul style="list-style-type: none">• tilbudd pris• kostnader som vil bli vurdert i tillegg til pris	85 %	utfylt prisskjema: Dokument 03 Prisskjema
Kvalitetskriterium: Under dette kriteriet vurderast <ul style="list-style-type: none">• Tilbydd utstyr og personell• Gjennomføring oppdrag• Erfaringar og referanse• Responstid	15 %	Utfylt tilbodsskjema dokument 02. Tilbydd personell, referansar og oppgjeven responstid vert evaluert ut frå tilbydar sine innleverte opplysningar og referansar. Responstid og tilbydar si beskriving av korleis føretak vil løysa gjennomføring av oppdrag er viktige kriteria for oppdragsgjevar.
Reisetid		





7.2 Tildelingskriteriet pris:

Det er gjort nærmere greie for "pris" i Dokument 02 Kravspesifikasjon og tilbodsskjema og Dokument 03 Prisskjema. Prisskjemaet skal nyttast, og prisar skal fyllast inn i felta med gul farge. Tilbydar har ikkje høve til å avvike strukturen i skjemaet.

7.3 Tildelingskriteriet kvalitet:

Vert ei skjønnsmessig og heilskapleg vurdering basert på det tilbodet som er beskrive i Dokument 02 Kravspesifikasjon og tilbodsskjema under punkt [d. Administrasjon- prioritet- responstid](#).

Side | 15

7.4 Evalueringsmetode

Tilboda vert evaluerte med poengskala frå 0,0 til 10,0, der 10,0 er best. Poenga vert deretter rekna om til score som tek omsyn til den prosentvise vektinga av tildelingskriteria. Tilbydaren som endar opp med høgast score, har det beste tilbodet. Viss tilbydar ikkje har levert dokumentasjon på eitt av underkriteria, vil dette medfør 0 poeng på dette kriteriet.

7.5 Miljø

Oppdragsgjevar kan erstatta klima og miljøomsyn i tildelingskriteria med klima og miljøkrav i kravspesifikasjonen, dersom der er klart at dette gjev betre klima og miljøeffekt, jf. FOA §7-9 fjerde ledd første punktum.

Etter ei konkret vurdering har Kvam herad kome fram til at ein i dei overordna rammeavtalane for tekniske handverkartene steder vil kunne sikra ein klart betre klima- og miljøeffekt ved å stilla krav, enn ved å nytta miljø som tildelingskriterium.

Oppdragsgjevar vil be om dokumentasjon på at krav over vert oppfylt og vil føra kontroll med at krav vert oppfylt i kontraktsperioden.

Då rammeavtalen omfattar fleire mindre små oppdrag har byggherre sett ønske om å finna klima- og miljøkrav som set fokus på miljøvennlege køyretøy, miljømerka/svanemerka produkt, samt gjennomføring som minskar transportavstandar og sikrar gjenbruk. Ved gjennomføring av minikonkurransar for oppdrag gjennom rammeavtalane vil miljø som utgangspunkt verta nytta som tildelingskriterium, med vekt på 30 %.

Krav til klima og miljø føl av kravspesifikasjonen i dokument 02 *Kravspesifikasjon og tilbodsskjema*, som skal fyllast ut som del av levering av tilbodet.

7.6 Opning av tilbod

Det vil ikkje bli arrangert offentleg opning. Opning vert gjort av to eller fleire representantar for oppdragsgivaren i fellesskap.

7.7 Avvisning av tilbod

Avvisingsreglane i FOA kapittel 24 kjem til bruk, jf. punkt 5 og 6 i konkurransegrunnlaget. Tilbydarane vert oppmoda om å gjera seg kjent med desse.



7.8 Avlysing av konkurransen

Oppdragsgivaren kan avlysa konkurransen ved sakleg grunn, jf. FOA § 25-4. Som sakleg grunn vert rekna blant anna manglande finansiering, manglande godkjenning frå politisk hald og manglande konkurranse.

7.9 Meddelelse om val av tilbyder

Etter at val av leverandør er gjort, vert alle tilbydarane informerte skriftleg om dette via Mercell om kven som er tildelt kontrakt samt ei grunngjeving for valet, jf. FOA § 25-1.

Meldinga vil også spesifisera tidspunkt for utløp av karensperioden.

7.10 Klage

Tilbydarar kan klaga på val av leverandør.

Dersom oppdragsgivaren finn at tildelingsavgjerdet ikkje er i samsvar med tildelingskriteria kan tildelingsavgjerdet annullerast fram til kontrakt er signert.

8. Kontrakt

8.1 Kontraktsføresegner

For denne kontrakten vert følgande kontraktsføresegner lagt til grunn:

- For rammeavtalane: *Standardkontrakt tenestekjøp*
- For gjennomføring av oppdrag under rammeavtalen: *Standardkontraktar frå Norsk standard (NS)*

8.2 Krav til lønns- og arbeidsvilkår

Kontrakten inneheld føresegner om lønns- og arbeidsvilkår i samsvar med forskrift om lønns- og arbeidsvilkår av 8. februar 2008 nr. 112.

8.3 Krav til bruk av lærlingar

I henhold til forskrift om plikt til å stille krav om bruk av lærlingar i offentlege kontraktar skal oppdragsgivar krevje at éin eller fleire lærlingar deltar i arbeidet med å oppfylle kontrakten, jf. § 6. Plikt om å stille dette kravet gjeld dersom det er særleg behov for læreplassar innanfor bransjen, jf. § 7.

9. Vedlegg

- Kontrakt – *Standardkontrakt tenestekjøp*
- Dokument 02 *Kravspesifikasjon og tilbodsskjema Tømrar og snikkararbeid*
- Dokument 03 *Prisskjema Tømrar og snikkararbeid*

